




Foto: Thomas de Lange Wenneck

NORDAUSTARKTISK SEI

Sei – *Pollachius virens* – Saithe
Andre namn: Kod, seikod, mort, palemort, grønspor, pale
Familie: Gadidae (torskefamilien)
Maks storleik: 20 kg og 130 cm
Levetid: Opptil 30 år
Leveområde: Langs norskekysten frå Stad til Kolahalvøya
Hovudgyteområde: På kystbankane frå Lofoten til Nordsjøen
Gytetidspunkt: Om vinteren med topp i februar
Føde: Raudåte, krill og andre pelagiske krepsdyr, sild, brisling, kolmule, augepål og hyseyngel
Predatorar: Sel og kval
Særtrekk: Opptrer i tette konsentrasjonar, står ofte pelagisk der straumen konsentrerer byttedyra.

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2014: ICES: 140 000 tonn eller mindre
 FASTSETT KVOTE 2014, TOTAL: 119 000 tonn,
 NORSK: 102 513 tonn
 FANGST 2013 (PROGNOSE): TOTAL: 135 000 tonn,
 NORSK: 115 000 tonn
 NORSK FANGSTVERDI 2012: 1 050 millionar kroner

**Fakta om bestanden:**

Sei har ein kraftig og muskuløs kropp, og er ein god symjar. Han er lett å kjenne på det svake underbitet og den rette sidelinja. Sei førekjem både pelagisk og som botnfisk, på 0–300 meters djup. Sei opptrer ofte i tette konsentrasjonar og står pelagisk der straumen konsentrerer byttedyra.

Hovudføda for den yngste seien er raudåte, krill og andre pelagiske krepsdyr, medan eldre sei i aukande omfang også beiter på sild, brisling, kolmule, augepål og hyseyngel. Seien er ein utprega vandrefisk som dreg på nærings- og gytevandringar. Stor sei følger norsk vārgytande sild langt ut i Norskehavet, av og til heilt til Island og Færøyane. Dei viktigaste gytefelta i norske farvatn er utanfor Lofoten, bankane utanfor Helgeland, Møre og Romsdal og bankar i den nordlege Nordsjøen. Egg og larver blir førte nordover med straumen. Yngelen etablerer seg i strandsona langs kysten frå Vestlandet og nordover til søraustleg del av Barentshavet og vandrar ut på kystbankane som 2–4-åring.

Sei finst berre i Nord-Atlanteren. I den vestlege delen er det ei lita stamme på grensa mellom Canada og USA. Seien i det nordaustlege Atlanterhavet blir delt i seks bestandar med hovudområde vest av Irland, vest av Skottland, ved Færøyane, ved Island, i Nordsjøen og på norskekysten nord for 62°N.

Merkeforsøk viser at det er vandringar mellom bestandane. Frå norskekysten kan det vera omfattande utvandring av ungsei frå dei sørlege områda til Nordsjøen og av eldre fisk frå meir nordlege område til Island og Færøyane. Det er få eksempel på innvandring av sei til norskekysten.


Status og råd

Seibestanden nord for 62°N var på eit historisk høgt nivå i 2001–2007, men det er sidan registrert ein bratt nedgang i både umoden bestand og gytebestand (figur). Årsklassane 1999 og 2002 var gode, og 2005- og 2007-årsklassane over snittet for 1960–2010, elles har rekrutteringa i seinare år vore under middels eller svak. Kysttoktet hausten 2013 viste ein ny nedgong i mengda sei, og det var ingen teikn på betre rekruttering i dei næraste åra.

Det vart i 2007 innført ein ny haustingsregel for nordaustarktisk sei, som ICES fann å vera i tråd med føre-var-tilnærminga. Ifølgje haustingsregelen vil gytebestanden med rekruttering rundt eller under langtidsgjennomsnittet vera rundt eller under føre-var-nivå (220 000 tonn) dei næraste åra. Havforskningsinstituttet har derfor tilrådd at utnyttingsgraden ikkje vert sett høgare enn utnyttingsgraden for maksimalt langtidsubytte, og Fiskeri- og kystdepartementet justerte i 2013 utnyttingsgraden i haustingsregelen frå føre-var-nivå til dette nivået. Fiskeri- og kystdepartementet har fastsett kvoten for 2014 til 119 000 tonn, som er 15 % lågare enn det ICES tilrådde som maksimal kvote.

Fiskeri

Utbyttet av seifisket nord for 62°N var på 195 000 tonn i 2010, 157 000 tonn i 2011 og 161 000 tonn i 2012 (figur). Gjennomsnittsubyttet for 1960–2012 var på 163 000 tonn. Kvoten for 2013 blei fastsett til 140 425 tonn, og total fangst blir på rundt 135 000 tonn. 2014-kvoten på 119 000 tonn er 15 % lågare enn 2013-kvoten og 27 % lågare enn gjennomsnittsubyttet for 1960–2011. Noreg dominerer fisket med over 90 % av landingane dei siste åra, og norsk utbytte i 2013 ser ut til å bli på rundt 115 000 tonn. Det gjennomsnittlege norske utbyttet i perioden 1960–2012 var på 137 000 tonn. Dei ti siste åra har trålfisket stått for 40 % av dei norske landingane, not 25 %, garn 20 % og line, snurrevad og jukse 15 %.



Bestand og landingar av nordaustarktisk sei.
Stock size and landings of Northeast Arctic saithe.

Kontaktperson: Sigbjørn Mehl | sigbjorn.mehl@imr.no